

Reglement for folkevalde sin innsynsrett

Vedteke av fylkestinget i sak nr 50/95, revidert i sak nr 47/15

§ 1

Fylkestinget og andre folkevalde organ sin rett til innsyn i saksdokument

1.1.

Fylkestinget har som overordna organ for all verksemd i fylkeskommunen rett til innsyn i alle fylkeskommunale saksdokument, med dei presiseringar som følgjer av reglane nedanfor.

1.2.

Fylkesutvalet, faste utval og andre folkevalde organ har rett til innsyn i saksdokument når desse gjeld dei delane av fylkeskommunen si verksemd som organet handsamar. I tillegg kan desse organa krevje innsyn i dokument som ligg innanfor andre deler av den fylkeskommunale verksemda, når dette er naudsynt ved konkret handsaming av ei sak i organet.

§ 2

Vedtak om innsyn

2.1.

Medlem og varamedlem av folkevald organ har rett til innsyn i dokumenta i saker som skal handsamast i organet.

2.2.

Minst tre medlemmer i fylkestinget kan krevje innsyn i alle fylkeskommunale saksdokument når tidspunktet for innsyn ligg føre, jfr § 3. Fylkesordføraren har sjølvstendig rett til innsyn i alle saksdokument på tilsvarende grunnlag.

2.3

Fylkesutvalet, faste utval og andre folkevalde organ kan vedta innsyn for sin bruk i andre organ sine dokument når minst 1/3 av medlemene røystar for det.

§ 3

Tidspunkt for rett til innsyn

3.1.

Retten til innsyn tek til å gjelde når saka er framlagd/sendt til politisk handsaming. Saman med saksframstillinga skal det følgje ei oversikt over alle dokumenta som er innsende, innhenta eller utarbeidde i samband med saka, med unntak av interne arbeidsdokument for administrasjonen.

3.2.

For saker som skal avgjerast i administrasjonen gjeld retten til innsyn først når saka er ferdig handsama.

§ 4

Særskilde reglar for innsyn i opplysningar underlagde teieplikt m.v.

4.1.

I utgangspunktet gjeld ikkje retten til innsyn opplysningar som er underlagt teieplikt. Fylkestinget og andre folkevalde organ kan likevel ved fleirtalsvedtak krevje innsyn i slike opplysningar når dette er naudsynt ved handsaming av ei konkret sak i organet, jfr forvaltningslova § 13 b, nr 2 og 4.

4.2.

Folkevalde har teieplikt om opplysningar som er underlagde teieplikt etter lov.

Når ei sak vert handsama i lukka møte etter kommunelova § 31, pliktar dei folkevalde å teie om opplysningar som etter lov er underlagd teieplikt.

§ 5

Framgangsmåten ved krav om innsyn - tilhøvet til administrasjonen

5.1.

Førespurnad om innsyn i saksdokument skal handsamast straks. Slike førespurnader til administrasjonen skal gå tenesteveg, dvs at førespurnadene skal rettast til fylkesdirektørane eller fylkesrådmannen.

5.2.

Førespurnader til administrasjonen om saker som er under handsaming, bør det svarast positivt på ved at det blir gjeve ei kort orientering om måten saka blir handsama på, tidsplan o.l.